



Mørkt er det, men snart snur sola og då går det i alle fall rette vegen
Vintersolverv i år er klokka 05.30 22. desember men for deler av Uskedalen vil det vare ein måned til før sola skin.
For dei som bur på Neset er sola borte i 8 veker - frå 22. november til 22. januar.

Det gjeld ikkje for dei som bur oppe i dalen og som ikkje mistar sola. Dei som til dømes bur på Storhaug opplever at sola kjem klokka 11 og skin i 2 timar den kortaste dagen som altså er 22. desember

Sett frå Neset er 24. oktober siste dagen sola går over Englafjell. Så kjem det solglyttar til venstre for Ulvanåso og gjennom Børsdalen og Eikedalen inntil ho blir heilt borte. Og så kjem ho att til varierende tider rundt i bygda.

Ideen om ein samlande solfest har til no ikkje slått an. Kanskje det vil skje i 2012.

Bildetet: Strålende sol over Nåsø og møketid på Neset.

Av Ola Matti Mathisen